

Handlingsplan for folkehelse 2015



Foto: Ingebjørg Dale Madsen

Anne-Beth Njærheim, Kjersti Follesø, Njål Gunnar Slettebø, Astrid Kjerstin Stautland, Elisabeth Knutsen, Elisabeth Bakke

Vedtatt i kommunestyret 08.12.2014.

FOLKEHELSE – førebygging og helsefremjing satt i system

Innhald

1. Bakgrunn.....	3
1.1. Behov og føremål med planen.....	3
1.2. Overordna føringar for planarbeidet	3
2. Lovgrunnlaget	4
2.1. Sentrale dokument.....	4
2.2. Regionale føringar	4
2.3. Kommunale føringar og strategiar	5
3. Handlingsplanen sitt omfang.....	6
4. Nasjonal og lokal Folkehelseprofil	7
4.1. Den generelle utviklinga i landet	7
4.2. Bømlo.....	7
4.2.1. Sentral og lokal folkehelseprofil	7
4.2.2. Ungdata undersøkinga	9
5. Satsingsområde 2015	10
5.1. Skule, læring, miljø og trivsel	10
5.1.1. Læring, miljø og trivsel	10
5.1.2. Ungdom og rus	11
5.2. Auka aktivitet hos barn og unge.....	12
5.2.1. Kosthald.....	14
5.3. Frisklivssentral.....	14
5.4. Tiltak retta mot eldre.....	15
5.5. Tiltak retta mot flyktningar og asylsøkjjarar.....	16
5.6. Tannhelse	16
5.7. Samarbeid med frivillige lag - og organisasjonar	17
6. Organisering og medverknad	18
7. Aktivitetar 2015	19
8. Samarbeidspartar.....	21
9. Økonomi	21

1. Bakgrunn

I 2011 vart Folkehelselova, med verknad frå 01.01.12, vedteken i Stortinget. Den legg grunnlaget for ei større satsing på førebyggjande og helsefremjande arbeid i kommunane.

Bømlo kommune inngjekk i september 2011 partnerskap for folkehelse med Hordaland Fylkeskommune. I dette partnerskapet er det krav til eit systematisk folkehelsearbeid med særskild fokus på utfordringar som kommunen sjølv har valt som satsingsområder.

Partnerskap for folkehelse har og lista opp satsingsområder som sosial ulikskap, levekår (faktorar som har innverknad på folk si helse) og levevanar (t.d. fysisk aktivitet, kosthald og rusmiddel).

I avtalen står det at Bømlo kommune skal:

- Forankre partnerskapet politisk og i leiinga, og fremje folkehelse i kommunen
- Fastsetje mål for det lokale folkehelsearbeidet, å lage ein årleg handlingsplan
- Lage ein oversikt over folkehelsestilboda i kommunen og samordne arbeidet
- Initiere partnerskapstema og bidra med eigen kompetanse og kunnskap til alle i partnerskapen.
- Ivareta, utvikle og samordne gode kommunale tilbod, leggje til rette for universell utforming og skape gode tilbod til brukarar som ein i dag ikkje klarer å møte for å jamne ut ulikskapar i helse.

1.1. Behov og føremål med planen

Handlingsplan innan folkehelse skal ha som funksjon å rette satsinga inn på enkelte hovudområder. Planen skal gjere det klart kva som er Bømlo kommune sine satsingsområde i 2015, og kva mål kommunen ynskjer å oppnå innan desse områda.

Handlingsplanen er meint som eit reiskap for alle einingar i Bømlo kommune, samt frivillige lag og organisasjonar. Det er einingane som jobbar med dei utvalde satsingsområda opp mot dei utfordringar som er skissert. Folkehelseperspektivet er sentralt i alle einingane. Dette er viktig som utgangspunkt også når einingane skal arbeide saman om dei prioriterte satsingsområda.

Planen skal også vere eit politisk styringsdokument, synleggjere utfordringar innan einingane samt vera eitt utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid innan området folkehelse. Planen vil vere styrande i høve samarbeid mellom ulike einingar i kommunen. Bømlo kommune har valt å ikkje ha eigen folkehelseplan, nettopp fordi ein har eit klar mål om at folkehelse skal vere ein integrert satsing innan kvar eining.

Nasjonal folkehelseprofil 2014 og lokal folkehelseprofil for Bømlo 2013 er eit bidrag til kommunen for å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og kva faktorar som kan påverkast. Dette vert supplert med årleg elevundersøkingar og Ungdata undersøkinga gjennomført i 2013.

1.2. Overordna føringar for planarbeidet

Handlingsplan for folkehelse skal utarbeidast i samsvar med overordna planar og retningslinjer. Følgjande syner ei liste over nasjonale, regionale og lokale planar samt retningslinjer som kan få innverknad på planarbeidet. Handlingsplanen er knytt til overordna kommuneplan, samfunn- og arealdel.

Samstundes må kommunen ha fokus på at samfunnsplanlegginga også skal vere helsefremjande. Fokuset må med det vere retta mot arealbruk/planlegging, samferdsle og transport, utvikling av livskraftige og helsefremjande lokalsamfunn samt folkehelsesatsing som ein del av kommunalt utviklingsarbeid.

2. Lovgrunnlaget

Lov om planlegging og byggesakshandsaming av 27.juni 2008

Lov om folkehelse (folkehelseloven) av januar 2010

Stortingsmelding 47 (2008-2009), samhandlingsreforma av 1.juli 2011

Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015)

Lov om friluftsliv av 28.juni 1957, stortingsmelding nr 39 (2000-2001) og Proposisjon 88 L (2010- 2011)

Lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelova) av 1. januar 2009

Naturmangfaldslova av 1.juli 2009

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging. 1. Plan- og bygningslovens § 9-1, 1995

2.1. Sentrale dokument

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009, Saman for fysisk aktivitet.

Stortingsmelding nr.39 (2000-2001), Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet.

Stortingsmelding 34 (2012-2013) Folkehelsemeldinga, God helse – felles ansvar

2.2. Regionale føringar

Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014 - 2025

Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle, Handlingsprogram 2014 – 2017

Visjonen for folkehelsearbeidet i Hordaland er "Fleire gode leveår for alle".

Folkehelsearbeidet i Hordaland skal bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som skal gi fleire gode leveår for alle, og utjamne sosiale helseforskjellar.

Det er valt ut fem temaområde som innsatsen skal rettast mot.

1. Heilskapleg folkehelsearbeid og universell utforming
2. Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader
3. Oppvekst og læring
4. Arbeid og arbeidsplassen
5. Aktivitet og sosial deltaking

Handlingsplan for trafikksikring 2014 – 2017

Mål om å vera førande for alt trafikksikringsarbeidet i Hordaland. Ei målretta trafikksikringsarbeid er viktig folkehelsesatsing.

Fylkesdelplan 2006-2009, Deltaking for alle – universell utforming

Den overordna målsetnaden er at alle skal kunne delta i samfunnet på like vilkår. Planen skisserar fleire strategiar for å nå dette, m.a. ved at:

- Alle nye offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal frå og med 2009 skal ha universell utforming
- Eksisterande offentlege bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming frå og med 2019
- All infrastruktur for samferdsel i Hordaland skal ha universell utforming

Det skal vere universelt utforma turløyper i kvar region/destinasjon

Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008 – 2012

Aktiv Kvar Dag - Tilrettelegging av fysisk aktivitet som fokuserer på lågterskeltilbod og som inspirerer til fysisk aktivitet utan krav til den einskilde om fysisk tilstand, sosialt tilhøyre, utstyr eller økonomisk evne, Hordaland Fylkeskommune.

2.3. Kommunale føringar og strategiar

Handlingsplan innan folkehelse må sameine med eksisterande plandokument og politiske vedtak i Bømlo kommune. Strategiar og tiltak som har grensesnitt mot folkehelsesatsing vil gjelde alle kommunale planar, då folkehelse er altomfattande.

Kommuneplan 2013– 2025

Kommuneplanen er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsiktige utviklinga av kommunen. Dette set overordna rammer for den fysiske og framtidige lokaliseringa av m.a. anlegg, løypetrasear og friluftsområde.

- Kommuneplanen for Bømlo kommune
- Kommuneplanens arealdel 2013 – 2025
- Skulebruksplan
- Velferdsplanen
- Trafikksikringsplan

Kommunale føringar og politiske vedtak

- Politiske tilrådingar
- Partnerskapsavtale for folkehelse

3. Handlingsplanen sitt omfang

Tidsperspektivet på handlingsplanen er 1 år.

Som bakgrunn for ein handlingsplan bør der liggje ein folkehelseprofil. I Folkehelselova § 5 står det: *"Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkningen og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne"*.

4. Nasjonal og lokal Folkehelseprofil

4.1. Den generelle utviklinga i landet

Den generelle utviklinga dei seinare åra har synt aukande tendens til overvekt, mindre fysisk aktivitet, auka førekomst av diabetes, og auka bruk av alkohol. Born bruker mykje tid med skjermaktivitetar, har eit høgt inntak av sukker og kaloririk, men næringsfattig kost, og slit med tidlege muskulære plager og aukande vekt. Fleire born har trong for barnepsykiatrisk hjelp, fleire veks opp med skilte eller ikkje sam-buande foreldre. Nye rusmidlar har vorte meir utbreidd, også i perifere strøk av landet. **Muskel-skjelett-sjukdommar og psykiske plager er framleis dei viktigaste årsakene til arbeidsuførleik.**

Skiljet i helsetilstand følgjer i stor grad sosioøkonomiske skiljelinjer, der dei med lågast sosioøkonomisk status har den dårlegaste helsa. Samstundes har bruken av tobakk minka, førekomst av hjerte-karsjukdommar har minka, og levealderen har auka for begge kjønn, og er mellom dei høgaste i verda. Noreg er i ein sær heldig økonomisk situasjon, og generelt er folkehelsa i Noreg god samanlikna med mange andre land. Men dei utviklingstrekk vi no ser, kan endre dette dersom ein ikkje tar grep for å snu tren-den.

4.2. Bømlo

4.2.1. Sentral og lokal folkehelseprofil

Bømlo skil seg ut med låg arbeidsløyse og høgt inntektsnivå, lite sosiale skilnader og lågt fråfall i vidaregåande skule, samstundes som få har høgare utdanning. Det heng truleg saman med at Bømlo er vertskap for skuler som utdannar ungdom til dei yrkene som industrien treng. Det sikrar verksemdene fagarbeidarar, samstundes som ungdommane er sikra jobb etter ferdig utdanning. Eit nært samarbeid mellom skule, samfunn og næringsliv gjev høg realkompetanse, gode vilkår for vekst og utvikling av næringslivet, og legg til rette for at ungdom busett seg i kommunen.

Det er 10 skular fordelt på 6 barneskular, 3 kombinerte barne- og ungdomskular og ein ungdomskule. Det vert gjennomført elevundersøkingar kvart år, på våren. 2014 undersøkinga skal utførast på hausten, det er difor data frå undersøkinga våren 2013 for 7. og 10. som er datamateriellet. Skulehelsetenesta har årlege undersøkingar for elever på 8. trinn ungdomskule og 1. vidaregåande.

I Nasjonal folkehelseprofil scorar Bømlo svært lågt på meistringsnivå i lesing i 5.klasse. Låg meistringsnivå i lesing er ein viktig markør for framtidige problem. Skulane skil seg ikkje særleg ut når det gjeld karakterar i skulefaga. Utslaget var stort både i 2012, 2013 og 2014. Det vert jobba med tiltak for å ta tak i utfordringa.

Kommunen har tidlegare gjennomført kartlegging av rusbruk blant unge i 2001, og Bergensklinikkene gjorde ei kartlegging på Bømlo i 2005. Ny «Ungdata» undersøking i regi av Bergensklinikkene vart utført i april 2013 for ungdommar i 8. og 10. klasse, samt 2. klassesetrinn på vidaregåande, med ein svarprosent på 74% på ungdomstrinnet og 72 % på vidaregåande.

Pr 01.01.2014 har 18 vedtak om legemiddelassistert rehabilitering (LAR) i Bømlo, ein nedgang frå 21 personar i 2013. Nav opplyser at det er ytterligere redusert i 2014. 48 personar har kjent rusproblematikk og kontakt med teneste apparatet i NAV eller psykisk helse. Det er tilgang på ulike medikament på den illegale marknaden også i Bømlo. Ein må rekne med mørketall. Inntrykket frå NAV er at når dei kjem i kontakt med unge rusmisbrukarar, har dei allereie mange år med misbruk bak seg.

Bømlo kommune har fått midlar til SLT-koordinator i 100 % stilling i prosjekt over 4 år, som skal jobbe aktivt mot unge i risikosona, i nært samarbeid med politiet. SLT koordinator gjekk ut av stillinga i juni 2014, det er mål om å ha på plass SLT-koordinator innan 1. mai 2015.

Offentlege tal for røyking skriv seg frå opplysningar om røyking hos gravide. I Bømlo er det 15% (20% i 2013) (aldersjusterte tal, fylket 12% (18% i 2013), landet 15% 820% i 2013)). Ein har ingen andre lokale data om røykevanar. Folkehelseprofil 2014 syner nedgang både i kommune, fylket og i landet.

Bømlo ligg høgt når det gjeld overvekt hos rekruttar (uendra frå 2013), og har same tendens som landet når det gjeld generell vektauke og sjukmelding grunna muskel-skjelettlidingar og psykiske plager sjølv om vi ligg under snittet. Samstundes har Bømlo færre som døyr grunna lungekreft og KOLS. Det er trong for ei kartlegging av livsstil, mellom anna for å sjå moglege forklaringar på det høge talet på innleggingar for hjarte-karsjukdom, og avviket når det gjeld bruk av medikament mot blodtrykk og diabetes. Ei gjentakande kartlegging framover vil kunne gje gode evalueringsdata i høve folkehelsearbeid.

Kommunen ligg under gjennomsnittet i landet og fylket (5,5%) når det gjeld sjukmelde, med 4,9% lege-meldt sjukefråvær i 2014. Dette er positive tal.

Hordaland fylkeskommune har eigen "Strategiplan for folkehelse". Bømlo er del av klinikkområde Sveio-Bremnes. Tannhelsetenesta inngjekk i 2013 ny samarbeidsavtale med kommunane etter nytt lovverk, og denne er undertekna av Bømlo kommune. Tannhelsetenesta opplever at avtalen meir kjend no, men at det fortsatt er for lite fokus på tannhelse hos utsette grupper som bebuarar i institusjonar og i bustader for psykisk utviklingshemma, eldre brukarar av heimetenester med fleire. Tannhelse har vore god hos dei minste barna, men hos 10-12-åringar har Bømlo noko høgare førekomst av karies enn gjennomsnitt i landet. Fleire eldre har eigne tenner no enn før, og dårleg tannstatus gir auka risiko for hjarte-karsjukdom og for spreiding av bakteriar frå munnhole til andre stader i kroppen. Hordaland fylkeskommune har lagt ut til høyring «Forslag til ny klinikkstruktur for tannhelse – høyringsfrist medio desember 2014», Forslag om å legge ned Langevåg tannklinikk.

Tannhelsetenesta har lang erfaring med førebyggjande og helsefremjande arbeid. Dette har synt positive resultat spesielt innan utviklinga som har gitt generasjonar med mindre hull i tennene. Det er viktig med god førebygging innan for tannhelse arbeidet. Fokus på adekvat behandling, med ein frekvens på innkalling som gjev høve til å oppdage negativ utvikling i tide, er avgjerande for god helse. Nærleik til tilbodet kan vere avgjerande, spesielt for svake grupper som kan oppleve lengre reiseavstandar som ein så stor terskel at dei ikkje nyttar seg av tannhelsetilbodet.

Bømlo har tre sjukeheimar, Bømlo sjukeheim med 60 plasser, Teiglandshagen, institusjon for demente, med 16 plasser, og Bømlo omsorgstun med 12 plasser. Ved kvar av desse er ca. 2 plasser øyremerka korttidsopphald. Bømlo har og ein rehabiliteringsinstitusjon, Bømlo bu- og Rehabiliteringssenter, med 12 heildøgnplassar. Nye sjukeheimplassar vert tatt i bruk i 2015.

Bømlo har fått mykje ros for integrering av flyktningar, mellom anna at mange går over i arbeid etter introduksjonsprogrammet. I Bømlo er det vaksenopplæringa som har ansvaret for heile introduksjonsprogrammet. Det vert arbeidd mot bedrifter for at folk skal få høve til å ta fagbrev. Dette er i startgropa. Gjennom Includio 15 (eit inkluderingsprogram) er det mogleg for Bømlo kommune å få ekstra økonomisk og fagleg hjelp frå IMDI til å bygge opp eit enno betre tiltak.

Bømlo har eit asylmottak med 2 avdelingar, eit på Svortland, og eit på Skogbu.

4.2.2. Ungdata undersøkinga


Undersøkinga Ungdata gjev eit positivt bilete av dei unge i Bømlo der alkoholbruk er på veg ned, høgare alder ved debut og lite bruk av narkotiske stoffer. Undersøkinga syner kor stor påverknad foreldre har på sine barn. Likevel er det mellom 10 – 20 % av dei som svarar som seier at dei ikkje veit kva reglar dei har heime i forhold til alkohol. Foreldre/føresette har den viktigaste rolla i det haldningsskapande arbeidet.

Ved undersøkinga i 2013 var debutalder for alkohol ca. 15,25 år mot 13,8 år i 2005. I 2005 var det 40% av jentene i VG 2 som svarte at dei hadde vore tydeleg rusa dei siste 6 mnd. For 2013 var talet 10%. For gutane i same årsklasse var tala i 2005 38 % som svarte dette, mot 18 % i 2013.

Det er fleire ungdommar i 2013 undersøkinga som seier at dei slit i kvardagen.

Kor nøgd er du med ulike sider ved livet?

Prosent som svara "Svært nøgd" eller "Litt nøgd"



Stiftelsen Bergensskisidene, 2013

5. Satsingsområde 2015

Bømlo kommune har utfordringar å ta tak i, jamfør tal/kunnskap i nasjonal og lokal folkehelseprofil. Kommunen har valt ut 7 satsingsområder på grunnlag av denne informasjonen.

- Skule, læring, miljø og trivsel
- Auka aktivitet hos barn og unge
- Frisklivssentral
- Tiltak retta mot eldre
- Tiltak retta mot flyktningar og asylsøkjjarar
- Tannhelse
- Samarbeid med lag og organisasjonar

I tillegg vil kommunen starte opp med revisjon av lokal folkehelseprofil jamfør krav i folkehelselova.

5.1. Skule, læring, miljø og trivsel

5.1.1. Læring, miljø og trivsel

Det er eit mål å få oversyn over årsaka til at elever i 5. klasse skil seg negativt ut i lesedugleik på nasjonale prøvar. Fokus på meistring i skulen gjennom forskingsbasert samanheng mellom resultat på lesing i 5. klasse og psykiske helseplager i ungdomskulen må ligge til grunn for satsinga i skulen i planperioden. Vidareføring av årlege elevundersøkingar for 7. og 10. trinn. I tillegg har Bømlo kommune valt å ha elevundersøking i 5. trinn og supplerande undersøkingar knytt til mobbing og trivsel. Tilhøva ved ein skule kan vere avgjerande både for trivsel for den enkelte elev, for oppleving av å lære og meistre, og for den enkelte sin fysiske, psykiske og mentale helse. Kartleggingsfunn kan nyttast når konkrete tiltak skal settast inn.

Bømlo kommune har eit samarbeidsprosjekt med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), LOS Prosjektet 2014-2016 (oppfølgings- og los funksjonar for ungdom), der føremålet er å leggje til rette for meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg livssituasjon. Målet er å styrkje ungdommane si tilknytning til skulen, trivsel og meistring, og skal gjennom det bidra til å

- betre prestasjonane i skulen
- auka gjennomføringa i vidaregåande opplæring

Målgruppa er ungdom i alderen 14 – 23 år som står utanfor, eller står i fare for å falle utanfor skule og arbeid. Innsatsen skal særlig rettast mot ungdom der høgt skulefråvær eller manglande tilknytning til skulen, har samanheng med utfordringar som til dømes:

- manglande omsorg, støtte og oppfølging frå foreldre/føresette
- manglende nettverk, mobbing og sosial isolasjon
- helseproblem i form av rusmisbruk, psykiske vansker og nedsatt funksjonsevne

Dei som losar skal ha ansvar for å:

- a) gje ungdom tett og tilrettelagt oppfølging i form av motivasjonsarbeid og vegleing i og utanfor skulen og i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring
- b) vere tilgjengeleg for ungdommane og tilstade på ungdommane sine eigne arenaer (skule, heim og fritid)
- c) samarbeide tett med ungdommane sine foreldre eller andre omsorgspersonar og bistå foreldre/ omsorgspersonar med å understøtta ungdommane si skulegang
- d) hjelpe og motivere ungdom til å komme i kontakt med hjelpetenester som kan gje nødvendig hjelp
- e) samarbeide tett med skulen og andre verksemder og tenester og bidra til at hjelpen som vert gitt er heilskapleg og tilrettelagt

PIS grupper er å snakke om skilsmisse i grupper. Evaluering av PIS syner at barn som deltek i skilsmissegrupper evner å sette ord på det dei opplever som vanskeleg. Skulehelsetenesta i Bømlo har kjøpt inn materiell og deltek på kurset i å gjennomføre PIS grupper i 2014, som er ope for alle i tenesta. Tiltaket med gruppene starter våren 2015.

Tiltak 1 : Årleg elevundersøking, med supplerande undersøkingar knytt til mobbing og trivsel.

Tiltak 2: I 2011 vart trivselsprogrammet innført, med trivselsleder på alle skulane med barnetrinn. Vidarefører programmet i 2015.

Tiltak 3: Vidareføre ZERO, eit antimobbeprogram på skulane i Bømlo.

Tiltak 4: Bømlo kommune har starta opp LOS prosjektet 2014 – 2016. Formål er å legge til rette for meir samordna tilbod og tettare oppfølging av ungdom som er i ein vanskeleg situasjon.

Tiltak 5: Gjennomføre PIS grupper

Legg til grunn at tiltak lista opp i **forslag** til sektorovergripande plan om «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» gjeld haldningsskapande arbeid i skulen.

5.1.2. Ungdom og rus

Ungdata undersøkinga 2013, syner at tiltak for å styrke foreldrerolla vil vere avgjerande for det vidare arbeidet. I dag er det berre Bremnes ungdomskule som har eit rusførebyggande program, Sterk og Klar. Programmet har vært i bruk i mange år og bør etter kvart evaluerast. Det bør vere eit rusførebyggane program med fokus på barn, unge og foreldre/føresette sine haldningar og normer i forhold til alkohol, som tilbod på alle ungdomskular i Bømlo. Elever, foreldre/føresette og lærarar bør vere målgruppe for tiltaket. Anbefaler at det vert ei overordna tinging til skulane.

Bømlo kommune har vald å delta i MOT. Det er ein haldningsskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom, der mål er å bidra til robuste ungdomar og trygge ungdomsmiljø.

MOT har ein heilskapleg modell for korleis lokalsamfunn kan arbeida saman med ungdom. Heilskapsmodellen består av program i ungdomskulen og vidaregåande skule, samt tiltak på ungdom sine fritidsarenaer. Gjennom ung til ung-formidling, øvingar, historier, dialog og rollespel vert dei unge gjort ansvarlege til å ta eigne val og ta vare på kvarandre og ikkje minst syne mot.

Barne- og familie tenesta har søkt, og fått stimuleringsmidlar frå Bergensklinikkane, til opplæringsprogrammet TIDLEG INN. Det er tidleg intervensjon ved vanskar knytt til psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar og opplæring i bruk av kartleggingsverktøy og samtalemetodikk i møte med gravide og småbarnsforeldre.

Målet med opplæringsprogrammet TIDLIG INN er at deltakarane skal få:

- mot til å spørje om alkohol, psykisk helse og vold.
- mot til å handle på grunnlag av svar frå den einskilde.
- kunnskap om kva du kan gjere og kven du skal venda deg til, og kva (r) instans(ar) som er dei rette til å følgje opp den einskilde, familien eller barna.

Tiltak 1: Rusførebyggane program på alle ungdomskular i Bømlo.

Tiltak 2: Vidareføre deltaking i MOT.

Tiltak 3: Opplæringsprogrammet Tidleg inn

Tiltak lista opp i **forslag** til sektor overgripande plan om «Psykisk helsearbeid og rusomsorg» som gjeld kunnskap om rusproblematikk/psykisk helse.

5.2. Auka aktivitet hos barn og unge

Fysisk aktivitet er viktig i kampen mot overvekt og andre livsstilsutfordringar. Det er pr. dags dato ikkje noko oversikt over kor aktive dei unge på Bømlo er. Det er spørsmål om aktivitet på fritida i undersøkinga som skulehelsetenesta utfører i 8. klassetrinn og 1. vidaregåande. Det vert jobba vidare å føre statistikk for å synleggjere aktiviteten til desse ungdommane. Skulehelsetenesta vert utfordra til å supplere med fleire spørsmål om fysisk aktivitet i desse årlege elevundersøkingane. Burde ein og vurdere særskilte tiltak for overvektige barn eller barn med fare for overvekt som t.d. treningsgrupper, vegleiing?

Forskning syner at barn og unge bør vere i dagleg fysisk aktivitet for å få god utvikling fysisk og mentalt. Barn og unge oppheld seg store delar av kvardagen på skulen. Tilrettelegging ved skulane er difor svært viktig. Mellom anna kan utforminga av uteområde vere sentral for barn og unge sitt aktivitetsnivå, som t.d. eit område rundt skulen som «innbyr» til aktivitet. Trudvang skule i Sogn og Fjordane, har sidan 2005 forska på effekt av meir fysisk aktivitet i skulekvardagen. Dei har tatt 5% av alle fag og utforma eit tilbod kalla fysisk aktivitet og fag. Dei har Førde skule som referanseskule. Trudvang låg i 2013 på 4. plass i dei nasjonale prøvane.

Forskning syner at ein asfaltert og tilrettelagt uteområde i stor grad tiltrekk seg barn som ynskjer å spele fotball, handball og å drive med andre "tradisjonelle" idrettar. Det syner seg at dette ofte gjeld gutar som allereie er aktive i eigen fritid. Erfaring frå uteplass med ulike innretningar som slengtau, «trimapparat» og klatrevegg kan vere gode alternativ til elevar som ikkje likar å drive med tradisjonell aktivitet. Ved Svortland skule nyttar dei universell utforma tursti aktivt.

Det bør vurderast å starta skuledagen med fysisk aktivitet 5-10 minuttar. Auke fysisk aktivitet syner auka hjerneaktivitet etterpå (<http://www.businessinsider.com/your-brain-after-a-20-minute-walk-2014-2>),

aktivitet vil difor kunne betre læringsutbytte òg. Dette kan vere aktivitet som betrar balanse og koordinasjon (som kan påverke lesing), og aktivitet som gir styrke og uthald.

Trafikksikring er eit godt tiltak for å auke kvardagsaktiviteten som å gå og sykle til og frå skule og fritidsaktivitetar. Etter vedtatt planstrategi så skal Bømlo kommune sin trafikksikringsplan rullerast i 2015. Gjennomføring av Bømlopakken medfører at kommunen får fleire kilometer med sykkel- og gangveg. Det må vere tiltak som gjer at dette vert tatt i bruk, t.d. til og frå skulen og/eller fritidsaktivitetar. Tiltak som stimulerer til kvardagsaktivitet, for å få fleire til å gå/sykle til og frå skule bør utformast. Tiltak som fører til at sykkel igjen kan «lanserast» som framkomstmiddel. Det bør vere eit mål å unngå bilar heilt opp til skulen ved start/slutt for tryggleik for dei som går/syklar og for å sikre at alle borna får ein distanse dei må gå. Om vinteren må det sikrast brøyting av fortau.

Utval for areal og samferdsel har bedt om sak for å vurdere kva som må gjerast for at Bømlo kommune kan bli ein «trafikksikker kommune».

Kva er «Trafikksikker kommune»

- Ein godkjenningsordning som kvalitetssikrar kommunen sitt arbeid med trafikktryggleik utvikla av Trygg Trafikk og forankra nasjonalt og regionalt (Nasjonale og regionale trafikksikkerheitsplaner)
- Eit organisatorisk tiltak for trafikktryggleik – skildring av «beste praksis» for ivaretaking av kommunen sitt ansvar
- Eit sett av kriterier for kommunen og dei ulike einingar. *Kriteria er utarbeida med utgangspunkt i dei lovar og reglar som gjeld for kommunen*
- Enkle sjekklister for dei ulike einingar som vil vere eit godt verktøy for å kvalitetssikre arbeidet
- Verktøy til støtte for kommunane – malar, vegleiar, sjekklister, døme

Gøydagen, som vart arrangert fyrste gang for alle 2.klassane i 2012, er no ein årleg tradisjon. Her vert ulike, meir utradisjonelle idrettar og/eller aktivitetar presentert for barna, og dei får prøve seg innan dei einskilde aktivitetane. Elevar frå 9. klasseser er med som vegleiarar på dei ulike aktivitetane.

Tryggleik er viktig for at barn og unge skal vere meir aktive på fritida. Tryggleiksvandring er ein metode for å skape eit betre nærmiljø. Gjennom ei slik vandring oppdagar ein ofte tilhøve ein elles ikkje er merkksam på, som t.d. avdekke behov for ljøs, rekkverk og tilgjenge.

Tiltak 1: Kvardagsaktivitet gjennom gå/sykle til og frå skulen. Aktivitet i friminutt. Tiltak 2: Stimulere til kvardagsaktivitet Tiltak 3: Prosjekt om trafikksikring Svortland Skule og FAU Svortland skule Tiltak 4: Gjennomføring rullering av trafikksikringsplanen i 2015 Tiltak 5: Planlegge og gjennomføre prosjekt det kan søkast midlar til trafikksikring hos trafikksikringsutvalet. Tiltak 6: Bømlo har mål om å bli ein «trafikksikker kommune» Tiltak 7: Gøydagen Tiltak 8: Gjennomføre tryggleiksvandring Tiltak 9: Valfag fysisk aktivitet på ungdomskular i Bømlo Tiltak 10: Begynne skuledagen med nokre minuttar med fysisk aktivitet

5.2.1. Kosthald

Kosthald er også ein sentral faktor i høve overvekt og andre utfordringar med omsyn til livsstil. Det vil difor vere viktig med informasjon og haldningsskapande arbeid. Blant foreldre til skuleelevar bør det vere tilbod om kosthaldsvegleing.

Eit av tiltaka som er godt dokumentert er effekt av gratis frukt i skulen. Undersøkingar syner at dei som et frukt får i seg mindre sukker frå andre (usunne) matvarer ut over dagen, enn dei som ikkje et frukt. Det gav med andre ord utgjeving i kosthold og førte til mindre inntak av sukker.

Tiltak 1: Det bør også arrangerast ein haldningskampanje retta mot alle elevar i 1.-4. og 7.klasse.

Tiltak 2: Det bør difor vere eit mål at alle skular kan tilby (gratis) frukt til sine elevar.

5.3. Frisklivssentral

Frisklivssentralar er kommunale tilbod for personar som treng hjelp til å endre levevanar. Ein Frisklivssentral gjer strukturert oppfølging primært gjennom helsesamtale, tilbod om fysisk aktivitet, kosthaldsendring og snus- og røykeslutt. Vidare kan den tilby kurs i meistring av depresjon, endring av alkoholvanar og andre tilbod som fremjar meistring av eiga helse. Ein Frisklivssentral skal ha oversikt over andre helsefremjande og førebyggjande tilbod i kommunen og skal samarbeide med andre aktørar der det er naturleg.

Forslag til ny folkehelselov understrekar kommunen sitt ansvar for tiltak som styrkjer folkehelsa og motverkar sosiale helseskilnader. Stortingsmelding 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma peikar på at helse-tenestene gjer for lite for å førebyggje sjukdom. I Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015) er kommunale frisklivssentralar omtala som eit viktig ledd i kommunen si styrking av førebyggjande helsetenester. Etablering av Frisklivssentral vil vere eit nytt tiltak i Bømlo kommune. Det skal vere eit kommunalt kompetansesenter med tilbod til personar og grupper i befolkninga som har behov for hjelp til å endre helseåtferd. Ein har og mål om interkommunalt samarbeid om fleire tiltak. Det er etablert frisklivssentralar i over 100 kommunar, og tiltaket kan vise til gode resultat.

Bømlo kommunestyre har gjort vedtak om å etablere Frisklivssentral. Det vart avgjort medio 2014 at folkehelsekoordinator og skal koordinere frisklivstilboda i kommunen. Det bør framleis vere eit mål å få etablere frisklivssentral i løpet av 2015. Alternativt Jobbe målretta med å få på plass prioriterte frisklivstilbod innanfor dei tilbod som er i dei ulike tenestene i dag. Ein må synleggjera betre korleis kommunen vil arbeide med frisklivstilbod, inkludert korleis ein vil organisere tilbodet mot eit meir samla, lokalisert og organisert tilbod.

Tiltak: Ha mål om å opprette frisklivssentral i Bømlo kommune.

Alternativt jobbe målretta med å etablere prioriterte frisklivstilbod og organisering og lokalisering av tilboda.

5.4. Tiltak retta mot eldre

Ei stor utfordring blant eldre er passivitet. Mange blir sitjande mykje i ro. Dette vil i dei fleste tilfelle igjen ha negativ verknad for deira fysiske, psykiske og mentale helse. Det er viktig med tiltak som er med å minske dette, både hos den enkelte og på institusjon.

Frivillig innsats er viktig. Lag, organisasjonar, men også private personar bør oppmuntrast og utfordrast til å gjere ein innsats for å få fleire eldre med på ulike hendingar og/eller aktivitetar. Det er eit nytt valfag på ungdomstrinnet kalla «innsats for alle». Dette bør vere eit høve til å jobbe med nettverksbygging i høve ungdom, studentar/elevlar og frivillige for å auke tilbod om aktiviserande tiltak inn særskild mot eldre, men også inn mot personar som har utfordringar med sin psykisk helse og personar med funksjonshemming. Ungdom/studentar/elevlar og kontakt med vidaregåande-/høgskular er ein ressurs.

Viktige oppgåver som t.d. trim og andre aktivitetar kan ein få til gjennom samarbeid med frivillige, skular, frivilligsentral m.fl.

Tiltaket Felles trivselsordning er ei ordning for bebuarar som har fast bustad på institusjon. Tiltaket vert betalt av bebuarane og vert innført på Teiglandshagen bufellesskap. Det bør oppmodast om å få til tiltaket felles trivselsordning på dei andre institusjonane i kommunen.

Eldre bør få bu lengst mogleg i eigen heim dersom dei ynskjer det. Heimerehabilitering er eit tiltak som kan vere med å sikre dette. Tiltaket har hatt god effekt andre stadar, og er no godt integrert i Bømlo. Det bør vurderast å opprette fleire dagplassar eller ev. dagsenter. Dette kan vere viktig for psykisk og fysisk helse hos eldre.

Helseteam for eldre er eit tilbod om besøk i heimen for å kartlegge fysiske forhold, gjennomgang av medisinar, ernæring og psykiske/sosiale utfordringar. Det er planer om å innføre Helseteam for eldre som tiltak i Bømlo kommune.

Innan dagtilbodet for personar med utviklingshemming (i habiliteringstenesta) er det etablert ei gruppe for seniorar. Alternativt ville fleire av desse vært utan anna tilbod på dagen. Tilbodet er viktig for å hindre mellom anna sosial isolasjon, men og viktig for deira psykisk og fysisk helse.

Tiltak 1 : Helseteam for eldre for aldersgruppa 76 år

Tiltak 2: Innføre felles trivselsordning på alle institusjonane

Tiltak 3: Heimerehabilitering i Bømlo

Tiltak 4: Det skal startast eit planarbeid for etablering/utbygging av heildøgns omsorgsbustader i Helse og omsorg. Det må då utgreiast om «eldresenter/treffstad» kan etablerast i saman med desse.

Tiltak 5: Aktivitetstilbod for eldre på Moster i regi av frivillige og frivilligsentralen.

Tiltak 6: Det bør vurderast å opprette fleire dag plassar eller ev. dagsenter

Tiltak 7: Valfag innsats for andre i ungdomsskulen

Tiltak 8: Dagtilbod for eldre innan habiliteringstenesta

Tiltak 9: Skape aktivitet og opplevingar for eldre gjennom bruk av elevlar, studentar og frivillige.

Tiltak jamfør vedtatt demensplan.

5.5. Tiltak retta mot flyktningar og asylsøkjjarar

Bømlo har eit asylmottak med 2 avdelingar, ei på Svortland, og ei på Skogbu. Nokre blir sitjande i mange år i mottak fordi:

- dei er vanskelege å busetja
- dei har fått avslag på søknaden
- eller er Dublinare (som skal ha søknaden sin handsama i eit anna land, det første land dei søkte asyl/opphaldstillating i)

For dei som bur lenge i mottak, ser ein utvikling av apati og psykiske vanskar, og at dei ikkje klarar å gi borna den omsorga dei treng.

Sjølv om Bømlo kommune har fått mykje ros og merksemd for sin integrering av flyktningar/asylsøkjjarar er det fortsatt ein del utfordringar å ta fatt i. Utfordringar knytt til sosial integrering gjennom deltaking på sosiale arenaer, organisasjonsaktivitet som t.d. idrettslag.

Vidareføre tiltak som Open hall, internasjonal kafe, friluftsliv for alle kan vere bra.

Gjennom deltaking i Includio 15 har Bømlo mogleik til å få ekstra økonomisk og fagleg hjelp frå IMDI til å bygge opp eit enno betre tiltak.

Tiltak: Deltaking i Includio 15 Tiltak: Samarbeid med lag og organisasjonar Tiltak jamfør pågåande planarbeid. Tiltak innan integrering
--

5.6. Tannhelse

Bømlo kommune har skrevet under samarbeidsavtaler med fylkestannhelsetenesta. Å følgje opp desse avtalane er ei viktig oppgåve for å sikre god og riktig tannhelse spesielt for dei som treng ekstra oppfølging, men og gjennom tidlig systematisk førebyggingsarbeid for dei yngste. Det er ei utfordring at desse avtalane ikkje er gjort godt nok kjent i kommunen, og dermed ikkje får den verknad som var tenkt. Hordaland fylkeskommune har lagt ut til høyring «Forslag til ny klinikkstruktur for tannhelsa – høyringsfrist medio desember 2014», Forslag om å legge ned Langevåg tannklinik.

Tiltak som:

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">- Opplæring/informasjon til tilsette om korleis dei skal og kan informere brukarar om rettar dei har med omsyn til t.d. gratis tannpleie for eldre.- Auka innsats for å betre tannpleie til gruppa psykisk utviklingshemma- Auka innsats for betre tannpleie for personar som har rus utfordringar. |
|---|

Oppfølging av samarbeidsavtale inngått mellom Bømlo kommune og Hordaland fylkeskommune i 2013.
--

5.7. Samarbeid med frivillige lag - og organisasjonar

Det arbeidet utført av lag- og organisasjonar er eit av dei viktigaste bidraga til folkehelsearbeidet i kommunen. Den frivillige ressursen er i følgje nasjonale tal og undersøkingar langt frå nytta optimalt. Dialogmøter som er gjennomført med lag- og organisasjonar syner behov for eit samarbeid opp mot kommunen.

Tiltak som årlege dialogmøte, med samarbeid mellom lag- og organisasjonar og kommunen har synt seg å vere nyttige. Då vert det høve til å komme i god dialog med desse.

2015 er Friluftslivets år. Bømlo kommune ynskjer tiltak som er med på å markere dette gjennom året. Det vert naturleg å samarbeide med friluftsgeselskaper i gjennomføring av desse tiltaket.

«Vind i segla»- Ungdom med kurs mot vaksenlivet –Eit samarbeidsprosjekt mellom Aktiv seglas, Smedholmen og Stord, Fitjar og Bømlo kommune for ungdom på 10.trinn og 1. vidaregåande. Mange ungdommar står av ulike grunnar i fare for å hamne utanføre organisert aktivitets- eller opplæringstilbod. Smedholmen kyst- og naturlivskule ynskjer, saman med venelaget Aktiv Seglas, og SLT-utvala i kommunane Stord, Bømlo og Fitjar kommunar, samt Utekontakten på Stord, å tilby eit kurs til ungdom på 10.trinn og første vidaregåande skule. Målsetjinga for kurset er å gje ungdom positive og motiverande opplevingar som vil auke eiga meistring innanføre trygge, sosiale rammer i maritime omgjevnader. Vidare vil kulturarv, praktiske dugleikar, fysisk aktivitet og gruppetilhøyrslere vere viktige element i prosjektet. Samtidig tenkjer ein at trening i sjølvstende, uthaldenheit, konsentrasjon og samarbeid vil vere positivt for dei ein skilde sine sjølvbilete.

Tiltak 1: Årleg dialogmøte med frivillige lag og organisasjonar for å stimulere lag- og organisasjonar til å arbeida vidare med det viktige folkehelsearbeidet dei utfører.

Tiltak 2: Bømlo kommune og Bømlo frivilligsentral samarbeider om samarbeid med lag og organisasjonar

Tiltak 3: Nettside om oppdatert informasjon som gjed det frivillige lag og organisasjonslivet på Bømlo.

Tiltak 4: Samarbeid med uorganisert aktivitet

Tiltak 5: Samarbeid om haldningsskapande arbeid ut mot frivillige lag- og organisasjonar gjennom t.d. MOT.

Tiltak 6: Markering av Verdensdagen for Psykisk helse – koordinert av arbeidsgruppe der kommunen deltar.

Tiltak 7: Markering av Friluftslivets år 2015 i samarbeid med lag- og organisasjonar

Tiltak 8 : Rusfrie tilbod til ungdom frå 15 til 18 år med særskild fokus på uorganisert ungdom.

Tiltak: Vind i seila, for ungdom, i samarbeid med Aktiv seilas.

6. Organisering og medverknad

Folkehelse femner vidt. Frå å vere eige fagområde til å vere del av andre ansvarsområde som t.d. sosial integrering, helseteneste, opplæring, samferdsle, friluftsliv, trafikksikring, tilgang på rein luft og vatn, kultur, arbeid, bu og nærmiljø. Alt dette set krav til kommunal og interkommunal samhandling. Kommunen skal gjennom sitt arbeid vere ein aktiv aktør opp mot ulike samarbeidsaktørar, å bidra til tilrettelegging av generelt folkehelsearbeid.

Med dei satsingsområde som her er skissert på bakgrunn av Bømlo kommune sin folkehelseprofil, vil kommunen på ein god og strukturert måte kunne arbeide helsefremjande og førebyggjande. Kommunen vil med det medverke til ei samfunnsutvikling som styrkjer folkehelsa og jamnar ut sosiale skilnader i helse og vilkår.

7. Aktivitetar 2015

Bømlo kommune har over 400 lag og organisasjonar som driv eit variert og godt tilbod til innbyggjarane i Bømlo. Det er mange anlegg, m.a. idrettshallar og idrettsanlegg, friidrettsanlegg, fotballbanar og «skatebane». Der er fleirbrukshallar knytt til skular, Motocrossbane med status som regionalt anlegg. Det er ballbingar ved skulane. I tillegg til god tilgang til idrettsanlegg- og aktivitetar, blomstrar også øya av ulike kristne organisasjonar, grendalag, bygdelag, teaterlag, korps mm. Interessa for friluftsliv er også aukande. Turkart for Bømlo vart revidert i 2012, og fleire av turane står omtala i boka Opptur Hordaland.

Det er mykje å ta seg til i Bømlo kommune. Ein ser likevel at det er behov for eit betre tilbod retta mot dei ungdommane og unge vaksne som er uorganiserte. Det er fleire som ikkje finn sin interesse innan lag - og organisasjonar. Det er viktig at desse også har eit tilbod.

Det er friluftslivets år i 2015. Eit vert eit samarbeid med lag og organisasjonar i høve ulike markeringar i Bømlo kommune, Bømlo turlag og Frilutsrådet Vest.

Oversikt over aktivitetar og tiltak for 2015 vert (ikkje fullstendig):

Aktivitetar	Tiltak	
Uorganiserte (som ikkje er medlem i idrettslag eller andre organisasjonar)	Open Hall Tjukkasgjengen, gr. Svortland og gr. Langevåg	Alle
Alternative aktivitetar	7-fjellsturen Opptur Gøydagen Toppturen – 10 fjelltoppa Barnas turlag	Alle 8.klassane 2.klassane og 9. klasse
Lavterskeltilbod til dei eldre/seniorane/andre	Kulturelle innslag i institusjonane «I Manns Minne» - kulturelle spaserstokken Arr. eldredagen	Senior, eldre,
Skular og verksemdar	Løp for livet - Bømlorussen Div. trimtilbod/tilrettelegging hos dei ulike bedriftane Fredsfestivalen – Bømlo folkehøgskule	
Aktivitetar i regi av diverse frivillige lag og organisasjonar	Aktivitetskalender, Bømlo Turlag Røde Kors tur til Galdhøpiggen – TIL TOPPS Aktiviteter i regi av frivilligsentralen: - Seniordans kvar tysdag - Gladklubben - Jenter på tur Trimtilbod på dagtid og kveldstid lågterskel for alle Hjertetrin x 2 i veka Dagtid: Rådhuset og Våge Skule Kveldstid: Meling Skule Senioruniversitet Verdensdagen for Psykisk helse oktober Bremnes idrettslag (nye tilbod): - Yoga - Hip Hop	Alle Alle LHL – Bømlo, ope for alle Ansvar mental Helse – open for alle

Aktiviteter	Tiltak	
	Den Norske Kyrkja: - Samtalegruppe på BVO. - Besøk/sosialt samvær på mottaka kvar/annakvar veke. - Interkulturelle treff to gongar i månaden. - Besøksteneste, og med bruk av treningskontaktar. - Samlingar på institusjonane Treffkveldar i kyrkja	10-13 år
Kommunale/regionale aktivitetar	Trivselsdagen Morgontrim Tur/utflukt i regi av velferdslaget Dytt kampanjer Ungdomsrådskonferansen UKM Ungt entrepenørskap	Tilsette i kommunen Retta mot ungdom
Tilrettelegging fysisk og sosialt.	Universelt utforma turløype til Fet Friluftrådet vest ved sikring og tilrettelegging av friluftområder på Bømlo Merking og vedlikehald av turstiar, div prosjekt fordelt på fleire aktørar Gjennom generelt planarbeid, politiske saksdokument Planlegging og prosjektering av tursti ved Storavatnet, også eit trafikksikringsprosjekt. Bømlo Turlag, Friluftsliv for alle: Tilrettelegging og inkluderingsprosjekt for personar som treng ein eller anna form for tilrettelegging	Alle
Frisklvsaktivitet i påvente av Frisklvsentral	Interkommunalt samarbeid om Røykesluttkurs Frivilligsentral / Den Norske Kyrkja Bra mat for Helse kurs KID kurs Fallførebyggande kurs	
Skape nettverk mellom kommunen og lag og organisasjonar Trepert samarbeid	Dialogmøter 1 gang pr. år Deltakelse på div. lagsmøter ved sjølve å invitere oss inn, eller etter invitasjon Grendautvala i kommunen representerer innbyggjarane.	Alle lag og organisasjonar og «paraplyorganisasjonar»
Ulike prosjekt med folkehelseprofil	Heimerehabilitering YSS (Ytre Sunnhordland samhandlings team) er under vurdering om det skal vidareførast. Saman om ein betre kommune	For personer med generell funksjonsnedsetjing Tilbod til psykisk sjuke

Aktivitetar	Tiltak	
	MOT prosjektet Arbeid og aktivitet (Basen), eit lågterskeltilbod med fokus på arbeid og aktivitet for rus- middelavhengige og psykisk sjuke. Includio 15	Satsing på ungdommar (20-24 og yngre) som av ulike årsaker fell ut av skulesystemet. Flyktningar og asylsøkarar
Bømlo kommune	Utarbeide lokal folkehelseprofil Utarbeide handlingsplan 2016 Opprette frisklivsentral	

8. Samarbeidspartar

I arbeidet med folkehelsearbeid er det viktig at Bømlo kommune opprettar og går inn i samarbeid med Fylkeskommunen, andre kommunar, frivillige lag og organisasjonar og ulike utdanningsinstitusjonar. Dei eksterne hovudsamarbeidspartane vil vera:

- Hordaland Fylkeskommune
- Bømlo Turlag
- Bømlo ungdomsråd
- Frivilligsentralen
- Idrettslag i Bømlo – idrettsrådet
- Bømlo kulturnettverk
- Friluftsrådet Vest
- Andre lag og interessegrupper som bidrar til førebygging og helsefremjing

9. Økonomi

Bømlo kommune mottar 150 000,- frå fylkeskommunen og Bømlo kommune går inn med tilsvarende eigendekning/delfinansiering. Det er tilsett folkehelsekoordinator i kommunen i 100% stilling frå februar 2013.

Kommunen søker om prosjektmidlar til ulike folkehelseiltak både kommunale tiltak men og hjelpe lag og organisasjonar til å søkje midlar til sitt folkehelsearbeid.